

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l.) \*

Utdanningsforbundet Sauda

2. Del 1: BARNS BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vektning?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Me har over 200 medlemmer, nokre er einige, nokre er delvis einige, og nokre er ueinige. På grunn av at høyringa blei lagt ut på nettsidene torsdag 20 juni på ettermiddagen og skulane tok sommarferie dagen etter, fredag 21.juni, har ein ikkje klart å samle folk til å gje innspel til høyringa. Torsdag var det både avslutningar og samarbeidsutval. Det var ingen som avbestilte feriane sine for å møtast etter dei hadde gått ut på ferie for å gje innspel vidare inn til HTV. Det er sterkt kritikkverdig å ha høyringa i ferien dersom ein er interessert i å få brei medverknad. Her skjer faktisk det motsatte.

Nærmiljø, trygg og god skuleveg, elevundersøking som viser stor grad av trivsel, samfunnsutvikling og rekruttering av nye innbyggjarar burde ha blitt vekta høgare.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilet av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

#### 5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Me synes NorConsult i for stor grad har vekta hensyn til immaterielle verdiar som areal og lysinngang på skulane, heller enn å fokusere på det som er kvalitativt bra i skulane. Me stussar og på nokre av tala. Me klarer ikkje heilt å forstå at ein til dømes skal ha plass til 100 elevar til på Austarheim skule, heller ikkje talet på ledige plassar på Fløgstad skjønar me heilt. Slik det er lagt opp med trafikklysmodellen blir det mykje rødt og oransje på felter som seier lite om kvaliteten på opplæring, relasjoner, samarbeid foreldre-heim, kompetanseutvikling, motivasjon for læring og andre essensielle punkt. Når ein legger fram rapportar bør det vera sakleg informasjon basert på faktagrunnlag. Når NorConsult presenterer sitater om kvaliteten på opplæringa som seier at "det kjem an på kva klasserom du går inn i", så er dette ikkje basert på fakta i det heile. Den store variasjonen i læringsutbytte dei viser til mellom år, skular og klasserom er heilt vanleg andre stadar enn i Sauda. Dei insinuerer med dette at kvaliteten i opplæringa er svært forskjellig og at nokre lærarar er veldig "gode" medan andre lærarar er "dårlege". Dette er svært polarisante og me meiner dette legger føringar på det som skulle vera ein presentasjon gjort av fagfolk med ekspertise. Det blei blant anna presentert eit sitat frå ein elev som blei løfta fram med uthøva skrift; "skulen er så gamal at det gror mose på muren". Her prøver ein å påverka i ein presentasjon som burde vore så nøytral og teknisk som mogleg. Me saknar i stor grad stemma til born om kva dei meiner om ein, to eller tre skular eller barnehagar. Det er viktigare enn om det er mose på muren.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

På grunn av høyringsfristen er det som sagt ikkje kome innspel frå alle klubbane då størsteparten har ferie, men her er det delte meininger. Barnetalet i dag stemmer ikkje med elevtalet statistisk sentralbyrå la fram for verken 10 eller 15 år sidan, det er mykje høgare. Dei kan sjølv sagt ta feil igjen. Skulle me få etablert nye store næringar i Sauda (smoltfabrikk og ammoniakkfabrikk) vil me tiltrekke oss folk utanfrå som kan snu heile framtidsbiletet når det gjeld barnetal. Dersom det stemmer med at barnetalet skal ned, er me heller ikkje så sårbare på å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Det blei òg presentert eit bilet på fagkompetanse som me ikkje er samde i. Sett i nasjonal målestokk ligg Sauda svært høgt på andel lærarar med godkjent utdanning. Ein treng ikkje sjå lengre enn til nabokommunar der ein har ned mot 60 prosent lærarar med godkjent utdanning. Ein kan realisere mange av punktene i framtidsbiletet utan å nødvendigvis gjøre noko med struktur, men ein må unsette oppgradere bygga ein landar på i framtidig struktur både om ein har dagens struktur eller ein eller to skular. Universell utforming er eit lovkrav ein ikkje kan fravike. Framtidsbiletet i seg sjølv er veldig bra, men unsett kva struktur ein landar på så må ein måle investeringane opp mot ubytte, kvalitet opp mot økonomi. Ein må investere i både skule og barnehage uavhengig av kva struktur ein landar på, og då må ein ta alle hensyn med i betraktingane.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Våre medlemmer er både einige og ueinige. Slik vil det vera når me er så mange medlemmer.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meinigar, eller anna, kva alterativ ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meinigar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

Svært viktig å behalde eit barnehagetilbod i Saudasjøen for å fortsetje å ha gode alternativ til småbarnsforeldre. Det er dei me fyrst og fremst ynskjer oss til Sauda, og då må me ha eit godt tilbod i heile Sauda slik me har i dag. Barnehagane kjem svært godt ut av NorConsult sin presentasjon. Viktig å oppgradere til god noko standard slik det kjem fram i rapporten.

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Våre medlemmer vil stort sett ha dagens struktur eller ein heilt ny skule. Den treng ikkje vera i sentrum eller på Austarheim, den kan like godt ligge i Saudasjøen. Det er eitt alternativ som framstår som svært uynskt av lærarane i Sauda, og det er alternativet med 1-4 og 5-7 skule. Dette alternativet ser me på som svært upedagogisk og svært dårlig begrunna. Her set ein pedagogiske hensyn langt bak tanken om økonomisk vinning i kommunebudsjettet. Alle som har lest rapporten ser at dette er det dårligaste alternativet av alle, og at det er utprøvd andre stader utan suksess. Med tanke på barnas/elevanes beste så ynskjer me ABSOLUTT IKKJE å ha ei mellombels løysing dersom ein går for ein ny felles skule. Talmaterialet frå NorConsult viser at det er så mykje bra med Saudaskulen i dag at me fint klarer å fortsetje med dagens struktur fram til ein eventuell ny skule er på plass. Ei mellombels løysing vil skape uro som tar fokus vekk frå opplæring og samfunnsmandat for både elevar, foreldre og lærarar. Det vil i tillegg utan tvil kreve mykje av ein i utgangspunktet liten administrasjon.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

#### 16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Me er sterkt imot dette forslaget. Det ser me på som det dårligaste pedagogiske alternativet, og det alternativet som minst ivaretar elevanes rett til ein trygg og god skule. Overgangar er mentalt krevande og for dei sårbare borna, blant anna born med tilpasningsvanskjer, vil dette verte svært vanskeleg og krevjande. Det tar tid til å tilpasse seg relasjonelt samtidig som ein skal vera trygg og kunne læra. Læring og trivsel heng tett saman med tryggleik og kontuinuitet. Her blir det alt for mange usikre moment og for mange overgangar både fysisk og mentalt. Dette er ei urovekkande dårlig løysing.

#### 17. Ope kommentarfelt for andre innspel

I Utdanningsforbundet Sauda ynskjer me å ha stor medverkad frå medlemmene våre. Det er slik at lokallagsleiar sender ut høyringar til arbeidsplassstillsvalde som så svarer på høyringar ved å gjennomføre klubbmøter som dei då sender tilbake til lokallagsleiar som då kan svare på vegner av alle. Som sagt så blei dokumentene til denne høyringa lagt ut på kommunen sine side på ettermiddagen torsdag 20.juni, og lærarane i skulen gikk ut på ferie fredag 21.juni. Det var og SU-møter og avslutningar torsdagen. Det har i denne høyringsrunden, som er den viktigaste så langt, difor vore mykje lågare grad av medverknad frå dei som kjenner skule og barnehage best enn det har vore tidlegare. Dette er både kritikkverdig og uprosesjonelt, og ein kan begynne å lure på om nokon har ein skjult agenda når det blir gjort på dette viset. Det er ingen tent med, i alle fall ikkje borna og framtida til Sauda.

Det er viktig at ein i forprosjektet og har fokus på samfunnsmessige konsekvensar som ikkje NorConsult har sett på i stor grad. Bustadattraktivitet og nærmiljø, skuleveg/buss, lokasjon for ein eller eventuelt to skular, kva bygg kan etterbrukast, og kor er det lurt å plassere eventuelt ein ny skule? Er det eigna areal i sentrum? Er det formålstenleg for elevane å ha det i sentrum eller er det kun ein fordel økonomisk for å slippa mest mogleg transportkostnadar? Nærleiken til gode læringsmiljø er kanskje betre i utkantane enn i sentrum?

Me synes ikkje arbeidet med barns beste sett frå barns perspektiv er godt nok utgreidd. Det er stort sett tilsette og fagfolk som uttaler seg på vegne av borna. Me vil sterkt minne om at barnekonvensjonen art. 3 og art. 12, grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle born rett til å bli høyr i saker som vedrører dei og at barns beste skal være eit grunnleggjende hensyn. Dette hensynet er ikkje godt nok ivaretatt, noko som i ettertid kan vise seg å vera ein saksbehandlingsfeil. Det er ikkje Sauda kommune tent med, og det kan føre til at andre instansar i verste fall kan stoppe saksgangen. I beste fall, vil nok nokon meine.